
Saksnr: 2021/18341-1
Saksbehandlar Ingrid Holm Svendsen
Dato: 19.04.2021

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Vedr innkjøpsrutinar i vidaregåande skular

I samband med møte i kontrollutvalet 22. mars d.å, stilte representanten **Irlil Schau Johansen** (H) slikt spørsmål som vart oversendt fylkesrådmannen:

«Kva rutinar har fylket for å fanga det opp, med tanke på regelverk om offentleg anskaffing og EØS-reglane, når ein leverandør sel ei teneste eller eit produkt til fleire av fylket sine einingar, som samla sett kjem opp i verdiar høgare enn terskelverdiane? Til dømes dersom fleire vidaregåande skular kvar for seg kjøper same teneste hjå ein og same tilbydar. Kvar eining handlar kanskje for under 100 000 kroner, men samla kan beløpet verta mykje høgare.»

Fylkesrådmannen gjer her greie for regelverket og fylkeskommunen si praktisering av dette.

Det rettslege utgangspunktet kjem fram i forskrift om offentlige anskaffelser § 5-4, tredje ledd:

«Dersom oppdragsgiveren består av flere atskilte driftsenheter, skal den samlede anslåtte verdien for alle driftsenhetene legges til grunn for beregningen. Dette gjelder likevel ikke når en driftsenhet selv er ansvarlig for sine anskaffelser eller visse kategorier anskaffelser.»

I Vestland fylkeskommune administrerer innkjøpsseksjonen anskaffingar som gjeld fleire avdelingar. Kvar avdeling har eiga innkjøpsansvarleg som i november, april og august kvart år melder inn sine aktuelle anskaffingar til innkjøpsplanen til innkjøpsseksjonen. På den måten kan innkjøpsseksjonen sikre god oversikt over behov og fange opp behov for anskaffingar som famnar på tvers av avdelingane.

Skyss, Bybanen Utbygging, Infrastruktur og veg og Eigedom har eigne innkjøpsmiljø som gjennomfører anskaffingar innanfor sine kjerneområde. Men også desse einingane melder inn til innkjøpsplanen til innkjøpsseksjonen dersom dei har behov utanfor sine kjerneområde.

Innkjøpsseksjonen har også ein controllar-funksjon som gjennom systematisk arbeid og stikkprøvekontrollar kan avdekke brot på reglar og rutinar. Mellom anna blir det gjennomført kontrollar på omsetning per leverandør og om kjøpa er dekte av ein avtale.

Dette vert gjort for kvar avdeling, og gjennomgang av resultatata vert gjort med alle avdelingane to gongar i året på samarbeidsmøte.

I samband med spørsmålet som representanten adresserer, er § 5-4, tredje ledd, siste setning aktuell. I Nærings- og fiskeridepartementets rettleiar til forskrifta kjem det fram at:

«Det kan antas at en driftsenhet er ansvarlig for sine anskaffelser dersom den selv gjennomfører anskaffelsesprosessen og treffer avgjørelsen om kjøp, råder over et separat budsjett for den aktuelle anskaffelsen og selv inngår kontrakten og finansierer den via et budsjett den råder over. Det er ikke tilstrekkelig at en oppdragsgiver bare organiserer anskaffelser på en desentralisert måte.»

I Vestland fylkeskommune har skulane separate budsjett. Kvar skule har også eigen innkjøpskoordinator som er gjeve mynde og er ansvarleg for å gjennomføre anskaffingar mellom 0 og MNOK 1,3. Skulen inngår såleis avtalen sjølv og finansierer via eige budsjett.

For anskaffingar over MNOK 1,3 har likevel fylkeskommunen som prosedyre at innkjøpskoordinatorane på den einskilde skule melder inn behovet til innkjøpsansvarleg i opplæringsavdelinga, som vidare melder inn til innkjøpsplanen til innkjøpsseksjonen.